**KOMMUNALE RETNINGSLINJER FOR GJENNOMFØRING AV NASJONALE PRØVER**

Retningslinjene er forankra i forskrift til opplæringslova § 19-5 og retningslinjer frå Udir.

Formålet med dei nasjonale prøvene er å vurdere og utvikle elevane sine ferdigheiter i lesing, rekning og delar av faget engelsk.

Prøvene vert haldne om hausten på 5., 8. og 9. steg.

| Tema | Aktivitet | Kva skal gjerast | Ansvarleg | Når |
|---|---|---|---|---|
| **Ansvarleg for nasjonale prøver** | | Rektor skal gjere seg kjend med både kommunale og sentrale retningslinjer for nasjonale prøver | Rektor | |
| **Før prøvene** | Påmelding og registrering i PAS | ✓ Leggje Vigilo som administrasjonssystem i Udir sitt prøveadmin,system (PAS)<br>✓ Opprette prøvegrupper i Vigilo med rett prøvekode og prøveansvarleg for gruppa<br>✓ Alle elevar på 5., 8. og 9. steg vert registrerte og oppmelde i Udir sitt prøveadmin.system (PAS)<br>✓ Følgje kommunale og sentrale retningslinjer for nasjonale prøver<br>✓ Dele ut informasjon/brosjyre frå Udir til dei føresette<br>✓ Informasjonsmøte med pedagogisk personale om gjennomføring<br>✓ Møte med IKT-ansvarleg vedk koordinering/klargjering av utstyr og lokale | Rektor<br><br>Alle<br><br>Kontaktlærar<br><br>Rektor<br><br>Rektor | August eller så snart PAS vert opna |
| **Deltaking** | Fritak for enkeltelevar | ✓ Reglane for fritak vert gjennomgått på skuleleiarmøte i forkant av gjennomføringa<br>✓ Det vert gjort enkeltvedtak om fritak etter gjeldande lovverk og retningslinjer for nasjonale prøver. Foreldre/føresette og evt avgjevarskule skal involverast i denne prosessen. Vedtak om fritak bør kome fram i IOP<br>✓ Fritak vert registrert i PAS etter at eleven er oppmeld til NP. | Avdelingsleiar skule<br><br>Rektor<br><br>Rektor | August (første skuleleiarmøte etter skulestart) |
| | | | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Testsituasjon** | Bruke eksempeloppgåvene som er publiserte på Udir sine heimesider | ✓ Elevane skal ha gjennomført eksempeloppgåvene | Faglærar | 1x om våren i 4., 7., og 8. klasse og 1x om hausten i 5., 8. og 9. klasse |
| **Prøvesituasjon** | Skulen gjennomfører nasjonale prøver | ✓ Elevane skal motiverast til å yte sitt beste<br>✓ Skulen skal legge til rette for at alle elevar får optimale prøveforhold<br>✓ Dei digitale prøvene i rekning og engelsk skal gjennomførast tidlegast mogeleg etter at prøvene er opna<br>✓ Elevar som er vekke på ordinære prøvedagar, skal ta prøva i etterkant. Det skal setjast av "reserveveker" for dei digitale prøvene. | Kontaktlærar og faglærarar<br>Rektor<br>Faglærar<br>Faglærar | August/november |
| **Etterarbeid** | Kvar skule skal utvikle ein systematikk kring etterarbeidet<br><br>Skuleeigar sitt etterarbeid med nasjonale prøver | ✓ Skulen kartlegg elevane si utvikling og samanliknar stega og skulen sine resultat, slik at ein kan sjå tendensar over fleire år<br>✓ Etablere rutinar for erfaringsdeling vedk etterarbeid for dei nasjonale prøvene på eigen skule og evt i nettverk med andre skular<br>✓ Resultat frå nasjonale prøver skal vere eit emne mellom leiar og lærar, til dømes i medarbeidarsamtale eller fellestid<br>✓ Innarbeide tiltak for forbetring i planar på elevnivå, klassenivå og skulenivå<br>✓ Tilbakemelding til elev og føresette om resultat frå nasjonale prøver<br>✓ Elevresultata skal importerast i Conexus Engage<br>✓ Resultata skal drøftast i SU (utan elevrepr.)<br>✓ Resultata skal drøftast med personalet i formålstenlege fora (team, felles)<br>✓ Avgjevarskular skal gjere seg kjende med resultata til tidlegare elevar<br>✓ Gjennomsnittstal vert drøfta på skuleleiarmøte<br>✓ Oppfølging av resultat frå nasjonale prøver er ein del av skuleeigar sitt tilsyn etter oppll. § 17-12<br>✓ Gjennomsnittstal for kommunen vert lagt fram i tilstandsrapporten | Rektor, kontaktlærarar, faglærarar<br>Rektor<br>Rektor<br>Faglærar, rektor<br>Faglærar, kontaktlærar<br>Rektor<br>Rektor<br>Rektor<br>Rektor<br>Kommunalsjef/ Avdelingsleiar skule<br>Kommunalsjef/ Avdelingsleiar skule<br>Kommunalsjef/ avdelingsleiar skule | November/desember/januar<br><br>Mars<br><br>April |

***Oppvekst, august 2024***